



# Samla referat frå gruppearbeid på workshop om Regional planlegging Scandic Seilet hotell Molde14.03.2019

## TEMA:

Kulturaktivitet og kulturtilbod i by- og tettstad	s. 2
Samarbeid om å nå felles mål	s. 5
By- og tettstadutvikling	s. 7
Klimatilpassing	s. 9
Mobilitet	s. 10
Kompetanse og utdanning	s. 13
Verdiskaping, innovasjon og teknologi	s. 15

## Gruppeoppgåve på workshop om Regional planlegging – Scandic Seilet 14. mars 2019

### TEMA: KULTURAKTIVITET OG KULTURTILBOD I BY OG TETTSTAD

Gruppeleiar: Carina Stokke Sekretær: Sigri J. Spjelkavik

**Deltakarar:** Ola Mæle (Ungdomspanelet), Jon Skarvøy (Eldrerådet), Maria Holo Leikarnes (DNT), Line Lønning Andresen (Operaen i Kristiansund). Andresen deltok til kl. 14.00.

#### OPPGÅVE 1:

**Nemn eitt område du meiner fungerer spesielt godt/har gode resultat innanfor temaet gruppa arbeidar med (oppvarming).**

- UKM Møre og Romsdal. Byane blir betre. Tettsteda forblir gode (relativt sett).
- Fotball.
- Samarbeid fleire aktørar på større arrangement. Mobilisere mange og ulike grupper.
- Rikt kulturliv med stor variasjon med svært god breidde.

#### OPPGÅVE 2:

**Peik på tre store sentrale utfordringar innanfor temaet.**

- Få profesjonelle kunstnarar i Møre og Romsdal.
- Små kommunar med krevjande økonomi fører til kutt i kulturbidrag til svært viktige lokale aktørar drive av frivillige.
- Ligger lavt på søknad og tildelingsstatistikken når det gjelder nasjonale/offentlige midlar. (Kulturrådet).
- Kollektivtilbodet.
- Ungdom som ikkje er med i dei mest populære fritidstilboda –« utanforskap». Fange dei opp – skape eit «levedyktig» tilbod.
- Einsemd/inkludering. Korleis få fleire til å nytte seg av alle tilboda? Mobilisere fleire ut – sosialt.
- Løfte kvarandre fram! Meir samarbeid?
- Eldre og kultur.
- Demografi og kultur.
- Utanforskap og kultur (einsemd).
- Finne og finansiere aktivitetar og interesse for alle
- Engasjere og aktivisere dei som har «falt utanfor».
- Lokalisere og oppretthalde arenaer som kan trekke menneske og halde dei.

**Gruppa kommer fram til tre prioriterte tema for gruppa:**

1. Utanforskap

- «Alle skal med»

(Også utkantane, bokbåt). Meir teater der folk bor.

## 2. Økonomi

- kulturtilskot i kommunar/fylkeskommunar
- planlegging/prioritering
- drift/investering

## 3. For dårlig profesjonell grunnmur - amatør

- kunstnarar
- frivillige lag og organisasjonar

Rekruttering til frivilligheita

**Tverrsektorielt arbeid. Peik på ei utfordring kvar innanfor temaet gruppa arbeider med, som heilt eller delvis må adresserast til ei anna gruppe.**

- Kompetanse og mangel på helsepersonell.
- Levande sentrum.
- Inkludere bygd
  - meir kultur
  - meir fritidstilbod
  - fleire treffpunkt
  - auka kollektivtilbod
  - helsetilbod lokalt
  - skole
  - barnehage
- Å tenke tilrettelegging og «innfletting» av kultur når man arbeidar med andre fokus/arbeidsområde (vise versa).
- Kommunal bustadpolitikk.

**Gruppa kom fram til ei samla utfordring som skal til ei anna gruppe:**

- Husk kultur som attraktivitetsfaktor i all planlegging på tvers av sektorar.

## **OPPGÅVE 3:**

**Mulegheiter/løysingar: Korleis skal vi løyse dei utfordringane som har kome fram, og utnytte moglegheitsrommet? FNs berekraftsmål.**

### **1. Utanforskap**

Finne og realisere interessene til dei som finn seg «utanfor». 3. 10. 17. 11.

- Gi mange forskjellige opplevingar og erfaringar allereie i tidleg alder, til dømes skule. 3. 4. 10.
- Byggje opp og oppmode spesielt barn til å følgje interessene sine. 3. 5. 10.
- Fleire tilrettelagte arrangement der til dømes yrkesgrupper og interesseorganisasjonar kan presentere seg til flest mogleg. 4. 5. 8. 9. 11.
- Gi midlar og moglegheiter til dei som allereie er engasjert/eldsjeler (dei kan da bygge nye tilbod). 4. 10. 11.
- Inkludere eit så bredt spekter som mogleg i planleggingsprosessar (til dømes eldreråd, UP, rådet for likestilling av funksjonshemma) 5. 9. 10. 11.

- Samarbeid på tvers. 17.
- Kartlegge behov. 9.
- Lettare å få tildelt midlar til drift, som igjen utløyser og følgjer opp frivilligheita. 9.11.
- Møteplasser (også på tvers av alder) – attraktive møteplassar. 3. 5. 11.
- Auka kollektivtilbod. 9. 11.
- Auka fritidstilbod og møteplassar for alle aldersgrupper både i bygd og by.
- Frivilligheit – haldningsskapande arbeid + kompetansehevande arbeid innan frivilligheita. 9.11
- «Leksefri» skule. Leksehjelp i skuletida. 4.10.
- Vaksne som tør å si ifrå, som tør å bry seg. 5. 10.
- Gode rollemodellar – inkludere og respekt for kvarandre.
- Fagleg kompetanse inn i barnehage og skule for å skape gode framtidige vaksne i samfunnet.
- Folkehelseiltak for eldre. 3. 5.
- Eldre – Aktivitetscenter for eldre. 3. 10. 11.
- Anleggstilskot til eldreiltak. 3.11.
- Driftstilskot til eldreaktivitetar. 3.5.10.

Vi rakk ikkje å føre på berekraftsmåla på alle punkta.

## Gruppeoppgåve på workshop om Regional planlegging – Scandic Seilet 14. mars 2019

### Tema: **SAMARBEID OM Å NÅ MÅLA**

Arbeidsgruppe:

Rune Solenes Opstad, fylkeskommunen, gruppeleiarleiar  
Anders Smith-Øvland, fylkeskommunen, gruppesekretær  
Lene Vadseth Larsgård, Ungdomspanelet fylkeskommunen  
Roar Amdam, Høskulen i Volda  
Ingvild Dverseth Sæter, fylkeskommunen

#### **Oppgåve 1. Positivt samarbeid**

Døme på positivt samarbeid som gjer det mogleg å nå felles mål:

- **Kulturlivet** i Møre og Romsdal.
- **Næringslivet** i Møre og Romsdal.
- **Beredskapsarbeidet** i Møre og Romsdal (fylkesberedskapsrådet).
- **Utdanningssektoren** i Møre og Romsdal (VGS, VGO, fagskule, fylkesmann, UH-sektoren).
- **Prosjektet «Byen som regional motor»** (prosjekt initiert av fylkeskommunen, byane Ålesund, Molde og Kristiansund).

#### **Oppgåve 2. utfordringar**

Døme på utfordringar som gjer det vanskeleg å nå felles mål:

- **Manglande forståing av gjensidig avhengigheit**  
«Einingsegoisme» og «Fogderi» gjer at vi ikkje spelar kvarandre gode.
- **Politikk og media som konfliktskapar**  
Mangel på tillit og frykt for ulikskap gjer at vi ikkje unner kvarandre framgang
- **Manglande samanheng mellom kunnskap og avgjer**  
Lokalisering av sjukehus og utbygging av store vegprosjekt i strid med prinsippa i FNs bærekraftmål og nasjonale føringar om samordning av bustad, areal og transport.
- **Geografi og demografi**  
Bratte fjell, djupe fjordar, små stader, lange avstandar og færre og færre folk, gjer det vanskeleg å bli einige om felles mål og å nå desse.
- **Mangel på informasjon**  
Veit folk kva som eigentleg kva som føregår i prosessane rundt samfunnsutviklinga?
- **Sein medverknad**  
Mange grupper kjem for seint inn når avgjer skal tas. Til dømes blir unge ikkje teke med på råd om dei store og grunnleggjande spørsmåla, men blir først invitert i den seinare detaljutforminga.
- **Andre utfordringar (stikkord)**  
Fragmentering, bærekraft/sårbarheit, kompetanse/kapasitet, gjennomføringsapparatet (kontroll med /skjerming av), konkurransekraft, mangel på nytenking.

#### **Våre prioriterte utfordringar**

1. **Mangel på tillit**
2. **Einingsegoismen**
3. **Geografiske og demografiske utfordringar**

### **Oppgåve 3. Forslag til løysning**

Tiltak vi meiner må til for at vi skal kunne få positivt samarbeid og nå felles mål:

#### **1. Vi må gi og få tillit**

- a. Vi må vektlegge kommunikasjon og samarbeid i heile fylket.
- b. Vi må etablere gode menneskelege relasjonar i heile fylket.
- c. Vi må gjennom media få rett informasjon ut til befolkninga.
- d. Vi må vere sjølvransakande og stille spørsmålet; kva kan «vi» gjere for å skape tillit og fellesskap!
- e. Vi må legge til rette for ekte regionale politikarar. Dvs. fylkespolitikarar som ikkje sitt i rolla som ordførarar eller på annan måte er programforplikta til å berre arbeide for seg og sine.
- f. Vi må sleppe til dei unge. Dei nye generasjonane er meir globale og ikkje bunden av si bygd og sin by, på same måte som dei eldre. Dei unge har derfor eit betre utgangspunkt for samarbeid og kunne nå felles mål.

#### **2. Utrydd einingsegoismen**

- a. Vi må sjå etter «felles arenaer» ved alle høve.
- b. Vi må begynne å «dele» og «unne» kvar andre goder og framgang.
- c. Vi må tørre å «spele kvarande gode».
- d. Vi må skape ein «felles identitet» og ta eit «felles namn», til dømes fylket «Møre».

#### **3. Vi må kompensere for utfordrande geografi, akseptere demografiske trekk og forsterke kvalitet**

- a. Vi må tenke nytt for å kompensere for bratte fjell, djupe fjordar og få folk. Utfordringar som mangel på «tillit» og «einingsegoisme» blir ikkje borte sjølv om vegane blir breiare og tunellane djupare.
- b. Vi må ta i bruk både «kunnskap» og «ny teknologi» for å kunne samarbeide og om felles mål.
- c. Vi må tørre å gjere «den største byen størst» og akseptere at det ligg kvalitet i både store og små, og at ikkje alle treng å vere like.

## Gruppeoppgåve på workshop om Regional planlegging – Scandic Seilet 14. mars 2019

### Tema: BY- OG TETTSTADUTVIKLING

**Stikkord:** \*Arealplanlegging og formgiving, \* Samordna miljø-, bustad,- areal-, og transportplanlegging, \*Framkome, bypakker, \* Nærings- og kulturaktivitetar, \* Handels- og servicetilbod m.m. (Ikkje utfyllande)

**Felles bakgrunnsstoff:** \* Tilsendt notat, \* Innlegga du nettopp har høyr, \* Fylkesstatistikk 2018, \* FN sine berekraftsmål m.m.

### Presentasjonsrunde

- Ingvild Gjerdsset, regional- og næringsavdelinga
- Eivind Vartdal Ryste, regional- og næringsavdelinga
- Ole Stensby, Ungdomspanelet
- Anne Mette Liavaag, Nye Ålesund kommune
- Gunnar Wangen, Ørsta kommune
- Sveinung Dimmen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Birger Jensen, Husbanken Midt-Norge

### Oppgåve 1:

#### Eksempel på gode resultat – oppvarming

Nemn **eitt** område du meiner fungerer spesielt godt/har gode resultat innanfor temaet.

- Dei største byane er attraktive, i høve til resten av fylket.
- Vi har gode virkemiddel for by- og tettstadutvikling
- Fylkeskommunen som god støttespelar. Kunnskapsbaserte prosessar.
- Prioritering av by- og tettstadutvikling over tid.
- Har klart å oppretthalde ein struktur med fleire sterke byar og tettstader
- By- og tettstadutvikling er politisk prioritert. Blir brukt ressursar
- Innsats frå det offentlege har utløyst innsats frå andre

### Oppgåve 2:

#### Utfordringar

Peik på tre store sentrale utfordringar kvar innanfor temaet gruppa arbeider med.

Prioriter ned til tre store sentrale utfordringar for gruppa. Grunnge prioriteringane.

- For mykje bilbasert planlegging og praksis – kvifor brukar vi ikkje den «blå motorvegen»
- «Grå sentrum», mangel på fargar
- Mangel på møteplassar som ikkje er kommersielle (den tredje plassen), men med eit mangfald av tilbod som ikkje medfører kjøpepress.
- For lite tillit mellom dei tre byane og dei tre fogderia. Det hemmar oss.
- Større skilnad mellom dei nye kommunane – ulik kapasitet til å drive utviklingsarbeid – det vil igjen forsterke skilnadane?
- Manglande samhandling mellom sektorane – motstridande mål – målkonflikter innan i stat og regional myndigheit
- Kommunal økonomi - evne til å prioritere ressursar til by- og tettstadutvikling i eigen organisasjon.
- Ikkje einseitig fokus på dei fysiske resultatane, men også på haldningar hos innbyggjarane og politisk. Må tørre å ta upopulære valg.
- Endring av haldningar og handlingar hos den einskilde tek lang tid og krev mykje innsats.
- Konflikt mellom fag og politikk
- Få til gode nok prosessar for medverknad, forankring og involvering (særleg av politikarar, ikkje berre når dei kjem til vedtak)

- Kortsiktig politisk tenking
- Kjøpesenter som utarmar sentrum
- For mykje motstand mot fortetting
- Mangel på eitt slagkraftig regionalt senter
- Demografiske utfordringar
- Manglande statleg politikk for mellomstore byar, og mindre byar og tettstader.

Prioritering:

1. Framkommeligheit for bilen er i for stor grad premissgivar, både i planlegging og i praktisk politikk.
2. Manglande samhandling mellom ulike offentlege sektorar som har innverknad på by- og tettstadutvikling
3. Få til god nok medverknad, involvering og forankring blant ulike interesser

Tverrsektorielt arbeid: Peik på ei utfordring kvar innanfor temaet gruppa arbeider med, som heilt eller delvis må adresserast til ei anna gruppe som arbeider med eit anna tema, fordi ein annan sektor må løyse utfordringa, eller fordi fleire sektorar må samarbeide for å løyse utfordringa. Prioriter ei utfordring samla for gruppa;

- Manglande sektorsamordning – motstridande mål

### **Oppgåve 3: Mulegheiter/løysingar**

Korleis kan vi løyse dei utfordringane som har kome fram, og utnytte moglegheitsrommet? Eitt forslag kvar per utfordring.

1. Bilbaserte byar og tettstader
  - Ikkje nødvendigvis bilfritt, men bilen på rett plass (mjuke trafikantar har rangen)
  - Parkering under bakken
  - Haldnings- og kommunikasjonsarbeid
  - Stimulere til bruk av kollektivtransport
  - Fortetting av bustader, arbeidsplassar, handel og opplevingar - i sentrum
  - Bompengar, parkeringsrestriksjonar – gjere det tungvint å bruke bilen i sentrum
  - Samordna arealplanlegging (BATP, KATP)
  - Andre transportformer (sjøbasert)
2. Manglande samhandling
  - Bygge tillit og gjensidig respekt
  - Arenaer for samhandling
  - Tidleg involvering og medverknad
  - Kunnskapsdeling
  - Vere ambassadørar for kvarandre si sak
  - Organisering på tvers av siloar
  - Samlokalisering
  - Kultur for samhandling
  - Horisontal og vertikalt samarbeid
  - Tolke sektorisert regelverk i fellesskap
3. Medverknad, forankring, involvering
  - Kunnskapsdeling, informasjon retta mot ulike aktørar
  - Metodikk for opne og inkluderande medverknadsprosessar
  - Politikaropplæring
  - Tørre å bruke nok tid på prosessar – ta seg tid
  - Ta i bruk nye digitale verktøy for visualisering, kommunikasjon og involvering. Målingar, sensorikk, databehandling.



## Gruppeoppgåve på workshop om Regional planlegging – Scandic Seilet 14. mars 2019

### Tema: KLIMATILPASSING

Gruppeleiar: Stine Sætre (Fylkesmannen, fylkesberedskapssjef)

Sekretær: Martha Helle Dybo (Fylkesmannen i Møre og Romsdal)

Deltakare: Yngvild Meinseth (Fylkesmannen i Møre og Romsdal), ungdomsrådet, Råg Ranæs, beredskapskontakt Surnadal kommune, politiskar Tove Lise Torve (Arbeiderpartiet)

### Oppgåve 1: utfordringar

- Reell anerkjenning av at klimaendringane vil påverke min kommune, og at vi må planlegge for å handtere desse på kort og lengre sikt (klimatilpassing)
- Klimatilpassing som del av planverket
- Sjå lokal utfordring risiko for utbyggingsformålet – gjeld særleg overvatn
- Samordning av lokale planar og utreiingar, saman med nasjonale kartleggingar.
- Oppfølging av kommunane sitt ansvar kring planarbeid.
- Kva gjer vi med skredfaren i allereie utbygde område?
- Tilpassing i eksisterande lokalsamfunn med høg risiko
- Kommunane må ta arbeidet med klimatilpassing på alvor
  - o Kordan løfte temaet og gi det meir prioritet og ressursar?
- Kva er tilfredsstillande tryggleik?
- Kva er tilfredsstillande kartlagt/vurdert fare?
- Kompetanse i kommunane
- Initiativ for transformasjon
- Sikre eksisterande infrastruktur
- Infrastruktur som byggast under andre regelverk, t.d. skogsveggar og landbruk
- Faresonekartlegging er kostnadskrevjande
- Interesse konflikt angående deling av skredfarerapportar utarbeida av konsulentfirma

### Tre utfordringar som må prioriterast

1. Klimatilpassing må bli ein formgivande faktor for all planlegging.
2. Sikre eksisterande busetnadar og infrastruktur (kraft, veg, vatn, ekom m.fl.)
3. Kunnskap og kompetanseheving rundt klimatilpassing og framtidige utfordringar

### Oppgåve 3: Moglege løysingar

- Rogaland Fylkeskommune har utarbeida planprogram (høyringsutkast) «Regionalplan for klimatilpassing i Rogaland 2020-2050». Utarbeiding av liknande planverk for Møre og Romsdal kan vere eit godt verktøy i kartlegging av moglege utfordringar og løysingar knytt til klimatilpassing i fylket.
- Fagnettverk
- Dialog med kommunane
- Kompetanseheving, kartlegge kompetanse
- Kven tar kostnaden knytt til sikring av eksisterande busetnadar og infrastruktur?
- Kan ein søke midlar som kan støtte opp klimatilpassingsarbeidet?
  - o Klimasats gir støtte til tiltak som redusera utslepp, men kva med tiltak som kan gjere samfunnet meir robust, og på ein betre måte kan handtere til dømes auka nedbør?
  - o Kommunar og fylkeskommunar kan søkje tilskot til kunnskap og kompetanseheving om klimatilpassing

## Gruppeoppgåve på workshop om Regional planlegging – Scandic Seilet 14. mars 2019

### TEMA: MOBILITET

#### Deltakarar:

Iver Nordseth, samferdselsutvalet fylkeskommunen  
Elisabeth Jørgenvåg, samferdselsutvalet fylkeskommunen  
Joakim Myklebost Tangen, ungdomspanelet fylkeskommunen  
Arild Fuglseth, samferdselssjef fylkeskommunen  
Håvard Austvik, Statens vegvesen  
Liv Møller-Christensen, NTNU  
Hilde Johanne Svendsen, gruppeleiar  
Janne Lønsethagen, gruppesekretær

#### Oppgåve 1, Eksempel på gode resultat:

- Fram-app, der du søker og betaler for reise i same løysing
- Flyplassen Kristiansund
- Busstilbodet Timeekspresen
- Ferjeruta Hareid - Sulesund (nye ferjer, snudd ferjekai)
- Linje 715 Torvikbukta - kollektivtilbod
- NTNU har godt samarbeid med administrasjonen i fylkeskommunen (planprosess),
- Fram Ung- men aldersgrensen bør heves
- Felles drifts- og vedlikeholdskontrakter for fylkesveg og statleg veg
- Fylkeskommunen har fått innovasjonsprosjekt på samferdselsavdelinga; bruinnovasjon og autonome fartøy på sjø

#### Oppgåve 2, Utfordringar innanfor mobilitet:

- Vedlikehold fylkesveg, vedlikeholdsetterslep, veier, broer, tuneller over hele fylket
- Politisk styring i rask teknologiutvikling
- Er dagens beslutningar riktige i et 15-årig perspektiv?
- Beredskap – kompensierende tiltak? Evt. lengre åpningstid på ferger. Lengre avstander til helsehjelp
- Forretningsmodeller for nye mobilitetstilbud
- Delingsøkonomi i praksis i Møre og Romsdal. Konsekvenser?
- Fleksibilitet – kollektiv (flere typer tilbud), samt for eksempel bilringer (ny økonomi)
- Mobilitet for attraktive byer, både for næringsliv, beboere og natur/ miljø/ klima
- Mobilitet som grunnlag for vekst i næringsliv og bosetting
- Betre tilbudet i distrikta – Fram Flexx?
- Fram Flexx og Trygt heim for ein 50-lapp burde forberast og evt slåast saman til ei felles ordning, med vidare utvikling for å få dei inn i FRAM-appen
- Auke aldersgrensa på Fram Ung», slik at studentane bruker kollektivtransport
- Kollektiv – buss: tilpassa og tilstrekkeleg for byene og distrikta

- Korleis nå målet om 15%/10% kollektivandel i byene?
- Effektiv transportmiddelfordeling i byområde
- Kobling mellom transportmiddel i tid, for å vere eit realistisk alternativ til bil
- Regionreforma
- Utanforskap – mobilitet over/ til andre fylke/ regionar
- Finansiering av fergetilbodet
- Økonomi, ferjedrift til akseptabel pris, ferjeinvestering (overgang til lav-/ nullutslepp)
- Pris kollektivtilbod (for alle grupper reisande)

### **Tre prioriterte utfordringar innanfor mobilitet:**

1. Finansiering av våre tilbod (FV/ kollektiv)
  - Vedlikehold fylkesveg
  - Ferje
2. Fleksible transportformar tilpassa by og distrikt
3. Er dagens avgjerder riktige i eit lengre tidsperspektiv?

### **Tverrsektorielle utfordringar:**

- Samarbeid med kommuner for å finne løysingar/ fleksibilitet på løysingar for buss/ kystekspress/ ferjer
- Kollektivtilbod: samarbeid over fylkesgrenser (nord/sør)
- Kommunane sentrale for å få til kollektivtilbod i byane
- ATP (areal- og transportplanlegging)
- knutepunktsutvikling
- Bypakkar - Samarbeid stat- kommune- fylkeskommune om felles tiltak
- Transportmiddelfordeling i by
  - Samarbeid
  - Klimatilpassing
  - By og tettstad
- Tettstad/ by:
  - knutepunkt – streng arealbruk
  - parkeringsareal – maksimum, ikkje minusregulering
- Klimatilpassing med måte, må ikkje gjere det vanskelegare eller mykje dyrare. Kanskje økonomi må gå før klima nokre gonger?
- Kultur: knutepunkt med «høystandard» tilbod «kost»? Ambulerande tilbod for svært usentrale strøk
- Parkeringsstrategi for å endre reisemiddelfordeling
- Fortetting i by/ tettstad for rimeligare/ meir effektivt kollektivtilbod

### **Prioritert tverrsektoriell utfordring:**

- Samordning

- Kollektiv
- Arealplanlegging
- Klima/ miljø

**Oppgave 3: Muligheter/ løysingar:**

- Fleksibilitet av tilgjengelegheit av dei tilbod som finst, buss, hurtigbåt, ferje, fly. Heile regionen må spille på lag for å finne løysingar, stat, fylke og kommune
- Utfordre etablerte/ vedtekne normer (brubygging/ vegvedlikehald)
- Gode informasjonssystem som når publikum der dei er
- Ferjenøkkelen i inntektssystemet
- Statlige ordningar for det grøne skiftet
- Tilrettelegging for styring etter indikatorar
- «Business Intelligence»-verktøy for å legge til rette for gode avgjerdsprosessar

## Gruppeoppgåve på workshop om Regional planlegging – Scandic Seilet 14. mars 2019

### Tema: KOMPETANSE OG UTDANNING

Medlemmer i gruppa:

- Anton Iversen – Studieforbundet Funkis i Møre og Romsdal
- Maryann Knutsen – IMDI
- Steinar Waksvik – Studieforbundet Funkis i Møre og Romsdal

Leder: Kariann Dimmen Flovikholm

Sekretær: Line Sandøy Hjelle

#### Oppgåve 1 – Eksempel på gode resultat:

- Bra struktur for vidaregåande opplæring
- Mange fine tilbod, stor moglegheit for å velje for ungdommen
- Mange kommunar har vore kreativ for å finne løysingar for vaksne innvandrarak og flyktningar
- Fylkeskommunen ser seg sjølv som ein organisasjon som har samfunnsansvar til å gi utdanning også ut over dei som har rett.
- Det er bra at det finst mange praksisretta tilbod – det er fleire vegar til å skaffe seg utdanning
- Ein del lærarak har blitt flinke til å sjå den enkelte elev og er meir fleksible i sine haldningar

#### Innspel til faktagrunnlaget som var sendt ut:

- Saknar meir om dei vaksne og perspektivet om livslang læring
- Det er heller ikkje noko om karriererettleing i faktagrunnlaget
- Fylkeskommunen bør utvikle ein kompetansestrategi

#### Oppgåve 2 - Utfordringar:

- Fleksibilitet i gjennomføring av utdanning, eks. slik at både ungdom og vaksne kan ta delar av utdanningsløp, enkelte fag etc.
- Fleksibilitet i kompetansemål for den enkelte – individuell tilpassing
- Elevorientert pedagogisk personale med god relasjonskompetanse
- Godt arbeidsmiljø med moglegheit for kompetanseutvikling for å behalde dei beste
- Skaffe fleire læreplassar!
- Nytt fagskoletilbod innan fiskerifag
- Utdanne fleire omsorgsarbeidarar
- Kvalifisering og utdanning er ikkje godt nok tilpassa arbeidskraftbehovet – det må vere system på dette
- Manglande tilpassing av opplæring – utfordringar knytt til fråfall for dei mellom 0-24 år, innvandrarak som kjem til landet seint i ungdomsskolealder, vaksne innvandarar.
- Livslang læring – ikkje fleksible ordningar for folk i ulike fasar

**Prioriterte utfordringar:**

1. Fleire læreplassar – tilpassa arbeidslivets behov
2. Fleksibilitet
  - a. Livslang læring/etter- og vidareutdanning
  - b. I utdanninga

**Tverrsektorielt**

- Samarbeid og samhandling

**Oppgåve 3: Moglegheiter/løysingar**

- Mål – tilpasse utdanning til arbeidslivets behov
  - Utarbeide kompetansestrategi for Møre og Romsdal fylkeskommune.
  - Opprette/vidareføre/vidareutvikle gode arenaer for samarbeid mellom viktige aktørar når det gjeld utdanning i fylket. Eks. Kompetansealliansen, y-nemnda
- Mål – fleksibilitet
  - Jobbe for moduloppbygging i utdanning slik at den enkelte kan plukke dei enkeltelementa ein treng/kan gjennomføre. Tilrettelegge for nettbasert utdanning med helgesamlingar
- Mål – livslang læring
  - Legge til rette for kontinuerlig utvikling – kompetanseutvikling. Sørge for at alle får nødvendig opplæring for å følge den digitale utviklinga.

**FNs bærekraftsmål**

Mål nr. 4 – god utdanning viktigast, men mange av dei andre måla vil bli positivt påverka om alle fekk god nok utdanning. Eks. følgande mål: 1, 2, 3, 5, 8,10, 17

## Gruppeoppgåve på workshop om Regional planlegging – Scandic Seilet 14. mars 2019

### TEMA: Verdiskaping, teknologi og innovasjon

Deltakarar:

- Kristoffer B. Jenssen (Fylkeskommunen, Leier)
- Øyvind Tveten (Fylkeskommunen, sekretær)
- Jonas Olsen (Ungdomspanelet, leiar ungdomsrådet i Ålesund)
- Arnt Sommerlund (Aukra næringsforum/GassROR IKS)
- Solveig Brøste Sletta (Nordveggen)
- Yvonne Wold (politikar, Regional – og næringsutvalet)
- Agnes Gundersen (Møreforsking)
- Elisabeth Halvorsen (NTNU Ålesund)
- Frank Emblem (ÅKP)
- Kristin Sørheim (politikar, leiar Samferdselsutvalet, forskar Norsøk)

#### Oppgåve 1. Døme på kva vi har lukkast med

- Campus Ålesund. Campus har vore eit frisk pust for Ålesund. Har gitt gode mulegheiter for studentar.
- Klyngesamarbeidet i Møre og Romsdal er en suksesshistorie.
- Økosystemet for virkemiddelapparatet i Møre og Romsdal fungerer godt, frå kunnskapsparkar, klynger til virkemiddelapparat.
- Samarbeidet mellom Ålesund kommune og NTNU rundt Smart city.
- Smart transport-prosjektet (Ålesund, Kristiansund, akademia og fylkeskommunen)
- Maritim næring og prosessindustrien.
- Fylkeskommunen har lukkast med å utarbeide og følge opp strategier på Fol-området. Tydeleg oppfølging gjennom verkemiddelbruk i handlingsprogram.
- Verftsindustrien viktig og det er godt samarbeid mellom verfta og leverandørene i regionen.

#### Oppgåve 2 a. Utfordringar

- Tilpassa utdanningar i vgs skole, trenger også fleire lære plasser.
- Treng ytterlegare dialog mellom næringslivet og vidaregåande opplæring.
- Samferdsel for å knytte fylket saman.
  
- Mangel på tilgang på kapital.
- Vi har ikkje nok internasjonalt fokus, ikkje flink til å hente kompetanse og impulsar utanfrå. Bedriftene i Møre og Romsdal er internasjonalt retta, det må støttesystemet rundt også vere.
- Vi treng å vere attraktive for ungdommane.
  
- Verkemiddelapparatet er i endring. Møre og Romsdal er en liten region, om midlar vert tildelt utifrå størrelse på befolkning er dette utfordrande for oss.
- For lite fokus på det grønne skifte, har en mulegheit til å ta posisjonar.
  
- Rekruttering. Manglar kompetanse, og kompetansekrav i arbeidslivet er i endring.

- Mange små bedrifter i Møre og Romsdal utfordring med nok midlar og kompetanse for å vokse.
- Det er ein underskog av bedrifter vi ikkje når med tiltak i virkemiddelapparatet idag, her ligg det eit vekstpotensial
- Kompetanse. Akademia har utfordring å med å snu seg raskt nok for å sørve næringslivet. Treng meir kapasitet i UoH-sektor. Korleis sørve næringslivet med riktig kompetanse raskt nok.
- Vi må samarbeide heller enn å konkurrere innenfor UoH-systemet.
- Bruker ikkje offentleg innkjøpsmakt for å skape innovasjon og verdiskaping i næringslivet.
- For lite risikokapital tilgjengeleg, både for næringslivet og forskingsmiljø.
- For lite crossover frå marin og maritim sektor mot andre næringar som landbruk, energiproduksjon og reiseliv.
- Kutt i regionale utviklingsmidlar er ein stor utfordring.
- Manglande satsing på landbruksnæringa, inkludert kopling mot andre næringar.
- For stor grad sentralisering av forskning og utdanning. Bør halde på ein desentralisert struktur på VGS, forskning og høgskulenivå.
- Kompetanse: Bygge kompetansemiljø og robuste forskingsmiljø har ringverknader for regionen.
- Trenger regional finansiering for instituttsektoren, spesielt for PhD-løp.
- Behov for marin masterutdanning, bygd opp i Ålesund på regionen sitt behov. Kan også vere med å rekruttere forskarar.
- Kompetanse. Samfunna som gjer det best er dei som har flest med høgare utdanning. Fagutdanningane er også viktig. Treng kompetanse, må dimensjonere tilbodet til det vi treng (havbruksnæringa som døme).
- Må få spreidd kunnskapen frå næringsklyngene ut i bedriftene i distriktet.
- Samferdsel. Føre regionen tettare saman.
- Kapital: Lettare tilgang på kapital andre steder i Norge, mellom anna Såkornkapital.

### Oppsummering av diskusjon

Attraktivitet heilt sentralt, vi må kunne tiltrekke oss folk og kompetanse. Det er forskjellar i oppfatning av kva som bygger attraktivitet, og det er iverfall ikkje berre samferdsel. Det handlar også om å kunne skape attraktive arbeidsplassar med bredde, treng arbeidsplassar til begge partnarane. Fagarbeidarane tar tilbod i fylket, stor sjanse for å få dei inn i arbeidslivet her. Dei som flyttar ut for å ta høgare utdanning, ønskjer spennande arbeidsplasser for å kunne flytte tilbake. Attraktivitet er også knytt til det som kjem i tillegg arbeidsplasser, som kulturtilbod og attraktive stader å bu. Positivt med desentraliserte utdanningar, samtidig som at vi må tørre samle og styrke nokre funksjonar.

### Viktigaste utfordringar

1. Attraktiv region. Møre og Romsdal må vere attraktiv for å rekruttere kompetanse til arbeidslivet.
2. Tilgong på kapital. (kutt i regionale utviklingsmidlar, privat og offentleg risikokapital til bedrifter, midlar for å bygge kapasitet til forskingsinstitutta)
3. Differensiert satsing. Må tørre å prioritere nokre fyrtårn (områder vi skal vere gode på), samtidig som vi må sørge for å treffe bredda av behov innanfor næringslivet i heile fylket.



## Oppgave 2b. Tverrsektorielt arbeid

### Kva av utfordringane må løysast tverrsektorielt?

- Tilgang på nok læreplassar, og betre rådgiving for dei som skal velje utdanning.
- Miljøvennleg liv og produksjon kopla mot verdiskaping. Heng også saman med å vere attraktiv for dei unge som er bevisste på bærekraft.
- Attraktivitet og rekruttering. Kan vi velje oss eit område som skil oss ut, og bruke dette i rekruttering. Døme Bærekraft, dette vil også påverke kven vi må samarbeide med.
- Nok læreplassar, og betre kopling mellom utdanning og næringsliv.
- Rekruttering. Heng saman med fleire andre grupper; demokratisk utvikling, by- og tettstadsutvikling, kompetanse, kultur og samarbeid om å nå felles mål.
- Hydrogen. Ikkje nok trykk samla frå fylkeskommunen. Hydrogen-pilot på Raumabanen hadde gitt mulegheiter for andre bransjar. Kunne vore eit viktig arbeid både for samferdsel og for næringslivet.
- Bygge ein attraktiv region.

## Oppgave 3. Muligheiter/Løysningar og kopling til FN sine berekraftsmål

### Attraktivitet region (med fokus på bærekraft)

- Ta ein posisjon innanfor bærekraft. Stort potensiale for næringsutvikling, og kan gi attraktivitet for ungdom som er opptatt av miljø og bærekraft
- Bygge opp under omdømme om «det reine»
- Bruke offentleg innkjøpsmakt gjennom innovative offentlege innkjøp for å gi rom for innovasjon rundt bærekraftige løysingar
- Ta ein posisjon på nokre spissa område, til dømes maritim næring
- Bærekraftmål: 11, 13, 7, 3, 9, 12, 17

### Kapital og finansiering

- Vere pådrivar for å skaffe risikovillig «grøn» kapital
- Gi gode rammetilhøve for å bygge kompetanse i regionen
- Skal regionale forskingsmiljø posisjonere seg mot EU-midlar, treng miljøa forsterkningsmidler.
- Sjå på rammevilkåra for instituttsektoren.
- Bærekraftmål: 8, 10, 11, 17

### Differensiert arbeidsmarked

- Differensierte satsinger, treng nokre signalsatsingar og nokre for bredda.
- Balanse i arbeidsmarkanden, arbeidsplassar i både offentleg og privat sektor
- Bærekraftmål: 5, 9, 14 og 15.

### Komplementert mtp samarbeid.

- Kompetansealliansen.
- Samarbeid i UoH-sektoren
- Utnytte kompetansen på tvers av verdikjeda innanfor utdanningssystemet.